



Friluftslivets  
ferdselsårer

Bygdatråkk  
i Austevoll



# Prosjektplan



## Bakgrunn

Austevollingane er aktive turgåarar, men me har lite oversikt over kor dei går og kva behovet er for nye løyper og vedlikahald av eksisterande stinettverk.

## Forankring

Arbeidet er forankra i Austevoll kommune sin planstrategi for perioden 2015-2019 vedtatt 10.11.2016 med eige kapittel «Arbeid for god folkehelse. God livskvalitet til innbygarane»

Prosjektet er også forankra i kommuneplanens planprogram dei ein av målsetningane er å sikra meir tverrfagleg samarbeid på tvers av sektorane. Planprogrammet vil også sikra gode opplevingar gjennom heile livet der kultur, natur og idrett er satsingsområda.

Kommunen vil bidra til gode lokalsamfunn og miljø som fremjar livskvalitet, og skal vera ein samspejar for å leggja til rett for satsingar innan kultur idrett og friluftsliv.

Eit verkemiddel for å sikra ein god kommuneplan er å kartlegga friluftsliv, natur og kulturmiljø og ligg som eit gjennomføringspunkt til planprogrammet.

## Mål for arbeidet

Formålet med planen (effekt målet) for friluftslivets ferdselsårer er at den skal bidra til:

- \*Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse i befolkninga som heilheit.
- \*Auka bulyst og attraktivitet som bustad og reisemål.
- \*Er å etablere tilbod som aukar kvardagsaktivitet med ulik tilretteleggingsgrad, sommar som vinter for alle i kommunen.
- \*Færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen.
- \*Skapa nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdselsårene.

Plan for friluftslivets ferdselsårer skal få fram løysingar for (resultatmål):

- \*Maks 500 m til nærmaste fotturrute på min 1-2 km lengde
- \*Maks 1 km til ein rundtur (turveg, sti eller fotturrute)
- \*Ei universelt utforma, naturprega ferdselsåre på minimum 500 m i nærleik til lokalsentra/tettstadane
- \*Alle turruter i kommunen skal leggest inn i nasjonal database for tur og friluftsruter
- \*Arbeida for at skular, barnehagar, og eldresenter/helsetun/bufellesskap skal ha ein turveg/sti tilpassa deira bruk i umiddelbar nærleik
- \*Arbeide for å få etablert padle/roruter i kommunen
- \*Alle hovud-turruter med tilhøyrande turnettverk vert skilta etter nasjonal standard
- \*Etablere plan for friluftslivets ferdselsårer med prioritert handlingsprogram
- \*Identifisere og kartlegge snarveggar/alternative traséar som kan brukast som trygg skuleveg og kvardagsveg uavhengig av ferdigheitsnivå
- \*Arbeide for å etablere ruter for fleirbruk som fot- og sykkelruter til trenings- og rekreasjonsbruk og som stimulera til kvardagsaktivitet
- \*Betre informasjonskjelder retta mot turistnæringa knytt til naturopplevingar i kommunen



## Avgrensing for arbeidet

### Tematisk:

Plan for friluftslivets ferdselsårer skal handla om fylgjande bruk:

Fotturar, sykling, padling og roing.

### Geografisk:

Plan for friluftslivets ferdselsårer vil i utgangspunktet ta føre seg heile kommunen, men naudsynte avgrensingar kan blir gjort etter høve.

## Organisatorisk forankring

Rådmannen er prosjekteigar. Ansvar for arbeidet skal leggest til rådmannskontoret som delegera arbeidsoppgåvene.

Seksjon for plan- og byggesak har ansvar for koordinering av arbeidet.

Rådmannen utnemner ein prosjektleiar.

## Organisering av arbeidet

Arbeidet organiserast som eit prosjekt og har fylgjande organisering:

### Styringsgruppe:

Rådmann, kommunalsjef for utvikling og forvaltning og politisk representant.

Prosjektleiar er sekretær for styringsgruppa.

### Prosjektleiar:

Rådmannen utnemner ein prosjektleiar

### Arbeidsgruppe:

#### Frå kommunen:

Folkehelsekoordinator Stine Emilie Konradsen

Kommunal planleggar Stina Nordbak

Ekstern konsulent

Representant frå landbrukskontoret

Stord/Fitjar/Austevoll

Arbeidsgruppa og prosjektleiar har ansvar for gjennomføring og progresjon av arbeidet i samarbeid med ekstern konsulent.

### Ressursgruppe:

Havstril padleklubb

Austevoll turlag

Austevoll helselag

Lions

NFU

Pensjonistlaget

Jakt- og fiskelaget

Norsk villsaulag lokalt

Grunneigarar etter område

Arbeidsgruppa skal møtast ved dei punkta som er sett i framdriftsplanen. Arbeidsgruppa kan trekka inn personar frå ressursgruppa ved høve (delar eller heile gruppa), for å drøfta aktuelle problemstillingar i prosjektet.



## Medverknad

*Prosjektet vil bli delt opp i fire delar*

### Trinn 1 og 2:

Oppstart skal bli annonsert på kommunen si heimeside og i lokalavisa. I annonseringa skal det vera ein kort forklaring på mål med arbeidet og arbeidet sin gong. Det skal også bli gjort klart at alle er velkomne til å komma med innspel og merknadar undervegs.

Under kartlegginga av no-situasjonen skal det bli arrangert møte med lokalbefolkninga, aktive velforeiningar, idrettslag og grunneigarar som har god oversikt over ferdselsårene

Prosessens legg opp til at alle kjende data er sikra i kart. Informasjon og innspelsrunden skal bli gjennomført etter dette.

### Trinn 3 og 4:

Under arbeidet med vurdering av tiltak skal det bli lagt opp til dialogbaserte medverknadsmetodar hos dei same som var involvert i kartlegginga av no-situasjonen. I tillegg skal grunneigarar og andre interessentar som blir særleg råka av eventuelle nye forslag gjevast moglegheita til å delta i arbeidet.

Høyringa skal sendast som eit minimum ut til alle dei som har vore involvert i arbeidet som ein kvalitetssjekk på ferdig plan, og til dei som blir råka av forslaga.



## Økonomi

Austevoll kommune deltek med kr 60 000 i trinn 1 og 2 gjennom friske midlar og eigeninnsats. I tillegg søkjast det om kr 60 000 frå fylkeskommunen si tilskotsordning for gjennomføring av trinn 1 og 2.

### Budsjett for trinn 1 og 2

Arbeid med prosjektplan, politisk forankring og rekruttering	20 000
Medverknadsprosess	20 000
Annonsering og høyring	10 000
Kartlegging av no-situasjonen og innhenting av lokal kunnskap med ekstern konsulent	60 000
<b>Totalt</b>	<b>120 000</b>

### Finansieringsplan

Fylkeskommunalt tilskot	60 000
Eigenkapital	60 000
<b>Totalt</b>	<b>120 000</b>





## Framdriftsplan

	Milepæl	Tidsplan	Ansvar	Oppgaver	Møte
Del 1	Oppstart av arbeidet	02.09.19	Rådmannen	Ferdigstille prosjektplan, organisering.	Oppstartsmøte i arbeidsgruppa, med ekstern konsultasjon
	Forankring av prosjektet	30.10.19	Prosjektleder	Sak til politisk handsaming og annonsering av prosjektet	Kommunestyre og møte i arbeidsgruppa
	Medverknad med interessegrupper	11.10.19	Prosjektleder	Dialogmøte med aktuelle interessegrupper	Dialogmøte
Del 2	Kartlegging av no-situasjonen internt	06.01.20	Prosjektleder	Innsamling av data	Møte i arbeidsgruppa
	Kartlegging av no-situasjonen eksternt	10.04.20	Prosjektleder	Dialogmøte med aktuelle interessegrupper	Dialogmøte
	Kvalitetssikring av mål	18.06.20	Prosjektleder	Legge fram sak for drøfting av mål	Møte i arbeidsgruppa
Del 3	Analyse av avvik mellom no-situasjonen og mål	12.10.20	Prosjektleder	Gjennomføra analysane i samarbeid mellom arbeidsgruppa og ekstern konsulent	Møte i arbeidsgruppa
	Føreslå tiltak	26.10.20	Prosjektleder	Få fram forslag til endringar. Dialogmøte og opne møte i grendene. Aktiv dialog i sosiale media og lokalavis.	Oppsummerande møte i prosjektgruppa.
	Vurdera og analysera tiltak opp mot mål i arbeidet	23.10.20	Prosjektleder	Gjennomføra analysane i samarbeid mellom arbeidsgruppa og ekstern konsulent	Arbeidsmøte og oppsummerande møte i prosjektgruppa
Del 4	Høyring	08.02.21	Prosjektleder	Slutføra planen	Oppsummerande møte i prosjektgruppa
	Vedtak av plan	15.03.21	Rådmannen	Rådmannen legg fram planen til kommunestyre	

